


ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN 2024-2028



Godkjent av kommunestyret xx.xx.xx



Innhold

1	Formål med Alkoholpolitisk handlingsplan	3
1.1	Alkoholpolitisk handlingsplan	3
1.2	Seld- og skjenka alkohol i perioden 2019 – 2022	4
1.3	Konsekvens for folkehelse	5
2	Gruppeinndeling alkoholholdig drikk	6
3	Løyve periode for sal- og skjenkestadane	6
4	Om skjenkeløyve	6
4.1	Alminneleg skjenkeløyve	6
4.1.1	Konsept	6
4.1.2	Skjenketider	7
4.1.3	Vilkår for skjenkeløyve	7
4.2	Løyve ved enkelthøve	7
4.2.1	Konsept	7
4.2.2	Skjenketider	8
4.2.3	Vilkår	8
4.2.4	Utandørs festivalar	8
4.3	Ambulerande skjenkeløyve	8
4.3.1	Kva er eit slutta lag	10
4.3.2	Omfang og skjenketid	10
4.4	Saksbehandling skjenkeløyve	10
4.4.1	Søkjjar	10
4.4.2	Dokumentasjon	10
4.4.3	Uttale	11
5	Om salsløyve	12
5.1	Salsløyve	12
5.1.1	Varegruppe 1	12
5.1.2	Varegruppe 2 og 3	12
5.1.3	Salstider	12
5.1.4	Vilkår salsløyve	13
5.1.5	Salsløyve ved enkelthøve	13
5.2	Saksbehandling salsløyve	13
5.2.1	Søkjjar	13
5.2.2	Løyveperiode	13
5.2.3	Dokumentasjon	13
5.2.4	Uttale	14
6	Kontroll med sals- og skjenkestadar	15
7	Reaksjonar på brot på alkohollova	15
7.1	Prikktildeling og inndraging av sals- og skjenkeløyve	15

7.2 Saksbehandlingsreglar ved brot på regelverk	16
8 Sals- og skjenkegebyr	16

1 FORMÅL MED ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN

Alkohol- og narkotikabruk er blant dei viktigaste risikofaktorane for helsetap og tidleg død i befolkninga. Alkohol er årsak til betydeleg meir helsemessige og sosiale problem i samfunnet enn narkotika.

Formålet til alkohollova er følgjande:

§ 1-1.Lovens formål.

Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.

1.1 Alkoholpolitisk handlingsplan

Lova gir kommunane stor fridom til å utforme sin eigen alkoholpolitikk tilpassa lokale tilhøve. Lova opnar også for bruk av skjønn ved handsaming av søknad om løyve.

Alkohollova § 1-7 d pålegg kommunen å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Denne fastset kommunen sin løyvepolitikk som skal gjennomføre alkohollova sitt formål; å redusere dei individuelle og samfunnsmessige skadane som alkoholbruk kan medføre. Effektive verkemiddel for å oppnå dette er å avgrense tilgangen på alkohol, ved til dømes regulering av sals- og skjenketider. Andre viktige tiltak er jamlege kontrollar med sals- og skjenkestadane, og raske reaksjonar ved brot på regelverket.

Kommunen må også kurse løyvehavar og tilsette ved sals- og skjenkestadane for å sikre ei ansvarleg alkoholhandtering.

Det er eit ønske at kommunane i vår region har ein tilnærma lik løyvepolitikk, spesielt med omsyn til sals- og skjenketider, kontroll og handheving av regelverket. Dette på grunn av trafikktryggleik og likast mogleg konkurransevilkår for verksemdene.

Saksbehandlarane i samarbeidskommunane bør ha jamlege samarbeidsmøte for å drøfte ulike problemstillingar og sikre god samordning av praksis.

Kommunen sin alkohol- og løyvepolitikk må sjåast i samanheng med kommunen sine overordna planverk for rusmiddelpolitikk og folkehelse.

Sjå elles:

[Alkohollova](#)

[Alkoholforskrifta](#)

[Helsedirektoratet sine kommentarar til alkohollova](#)

[Folkehelseinstituttet sine heimesider](#)

1.2 Seld- og skjenka alkohol i perioden 2019 – 2022

Oversikt over liter seld- og skjenka alkohol i Hareid kommune i perioden 2019-2022:

Skjenking (liter)	2019	2020	2021	2022
Alkoholgruppe 1	11 630	7 804	5 355	5363
Alkoholgruppe 2	1 221	580	521	245
Alkoholgruppe 3	192	132	111	113
Omsetning i butikk (liter)	139 358	146 760	179 821	152 752

Kjelde: Innsende omsetningsoppgåver frå butikkar og skjenkestadar

1.3 Konsekvens for folkehelse

Tal og faktainformasjon frå [Folkehelseinstituttet](#) viser at:

- Vi drikk i gjennomsnitt over 7 liter rein alkohol per år, rekna per innbyggjar over 15 år.
- Menn drikk oftare og i gjennomsnitt dobbelt så mykje alkohol som kvinner
- Eldre drikk oftare, men mindre alkohol enn yngre
- Bruk av alkohol og ulovlege rusmiddel er blant dei viktigaste risikofaktorane for død og tapte friske leveår i befolkninga. Alkohol er årsak til betydeleg meir helsemessige og sosiale problem i samfunnet enn narkotika. Det er ingen skarpe skilje mellom bruk og skadeleg bruk.

Alkoholbruk kan vere ein medverkande faktor ved ulykker, vald, sjølvmoedsåferd, og skade på tredjepart. Døme på sistnemnde kan vere born som lid under alkoholbruken til foreldra, fosterskadar, offer for promillekøyring og valdsbruk. Alkoholbruk har også mange negative konsekvensar for arbeidslivet som til dømes auka sjukefråvær og tapt produktivitet.

[Ungdataundersøkinga i Hareid kommune](#) i 2022 viser at 13 % av ungdommane på ungdomsskuletrinnet har vore berusa, 7 % drikk alkohol jamleg (minst 1 gang pr måned).

2 GRUPPEINDELING ALKOHOLHOLDIG DRIKK

Alkoholfri drikk	Under 0,7 volumprosent alkohol
Alkoholsvak drikk	Frå og med 0,7 til og med 2,5 volumprosent alkohol
Gruppe 1	Over 2,5 og høgast 4,7 volumprosent alkohol
Gruppe 2	Over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol
Gruppe 3	Frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol

3 LØYVE PERIODE FOR SAL- OG SKJENKESTADANE

Løyveperioden er inntil 4 år og skal vare til 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltret.

Vedtaket vert gjort etter reglane i alkohollova med forskrifter, forvaltningslova, alkoholpolitisk handlingsplan og delegeringsreglementet i kommunen.

Kommunen kan bestemme at sal- og skjenkeløyve ikkje skal opphøre, men gjelde vidare for ny periode med inntil fire år. Kommunen vil utarbeide eigne retningslinjer for dette.

4 OM SKJENKELØYVE

Kommunen kan gi alminneleg skjenkeløyve, skjenkeløyve til einskildhøve og ambulerande løyve.

Servering av alkohol mot betaling krev løyve, mens servering av alkohol utan betaling normalt ikkje krev løyve jf. alkohollova § 1-4.

4.1 Alminneleg skjenkeløyve

Kommunen har ikkje vedteke eit tak for talet på skjenkeløyve. Løyvet vert gitt med heimel i alkohollova og alkoholpolitisk plan.

4.1.1 Konsept

Det vert som hovudregel ikkje gitt alminneleg løyve til:

- Frisørsalongar/hudpleiesalongar/butikkar og liknanda konsept
- Arrangement som er retta hovudsakleg inn mot barn og unge under 18 år.
- Undervisningsbygg
- Mosjon- og Idrettsarenaer
- Konditori
- Galleri og utstillingar
- Bygg som vert nytta som grendehus
- Kino
- Campingplassar
- Soner som elles vert rekna som rusfrie
- Bensinstasjonar
- Kioskar

Det skal først ein restriktiv line til nye konsept.

4.1.2 Skjenketider

Skjenketid	Gruppe 1, 2 og 3	Alle dagar	Kl. 11.00 – 02.00 inne Fram til kl. 24.00 for uteareal.
-------------------	------------------	------------	--

- Konsum av alkoholholdig drikke må slutte seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.
- Konsum av alkoholholdig drikk i uteareal skal slutte ved skjenketida sin slutt, alkoholholdig drikke må då takast med inn i skjenkelokalet.
- For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida ute setjast lik skjenketida innandørs.
- Driftskonsept hotell kan få skjenketid for gruppe 1 og 2 frå kl. 09.00 alle dagar.

4.1.3 Vilkår for skjenkeløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyve i samsvar med lovverket.

Desse kan vere:

- At minimum styrar og vara for styrar skal delta på kurset “Ansvarleg vertskap” så lenge kommunen tilbyr dette i løyveperioden. Ved skifte av styrar og/eller vara for styrar gjeld det same vilkåret.
- Politiet kan krevje ordensvakter. Når dette vert gjort vert dette stilt som vilkår for løyvet.
- Krav om serveringsløyve for å utøve skjenkeløyve.
- Skjenkestadane skal ha forsvarleg vakthald.
- Tilsette og andre som er ansvarleg for skjenking av alkohol skal ikkje vere påverka av rusmiddel i arbeidstida.

4.2 Løyve ved einskildhøve

Løyvet kan tildelast arrangement som varer frå 1-6 dagar.

4.2.1 Konsept

Konsept det ikkje vert gitt løyve til:

- Arrangement som er retta imot barn og unge
- Undervisningsbygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida

- Campingplassar
- Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubbar, bibliotek og idrettsarenaer i samband med idrettsarrangement og idrettsaktivitet
- Hudpleiesalongar, frisørsalongar, tatoveringsstudio og liknande
- Gatekjøkken, kioskar, bakeri og liknande konsept

Løyve for gruppe 3 vert berre gitt til arrangement med middagsservering.

I samband med søknad om løyve for einskildhøve vert det bede om uttale frå politi, sjå punkt 4.4.3

4.2.2 Skjenketider

Normal skjenketid vert som for alminneleg løyve (jf. punkt 4.1.2).

4.2.3 Vilkår

Kommunen kan sette vilkår for løyve ved einskildhøve jf. alkoholova § 4-3. Kommunen kan sette same vilkår som for alminneleg løyve (jf. punkt 4.1.3)

Normalt vil vilkår som vert sett vere knytt til:

- vakthald under arrangement
- løyve til bruk av bygg
- løyve til bruk av uteareal
- dokumentasjon på at tryggleik er ivareteke, derunder branntryggingstiltak.
- kunnskapssprøve eller digitalt kurs i ansvarleg vertsskap for skjenkestyrar ved større arrangement

4.2.4 Utandørs festivalar

- Aldersgrensa ved utandørs festivalar der det vert skjenka alkohol skal vere minimum 18 år.
- Det vert ikkje gjeve løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 3. Det gjeld sjølv om det er sett opp festaltelt eller liknande.
- Konsum av alkoholhaldig drikke må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt.
- Festivalområdet skal vere fysisk avgrensa, det skal vere forsvarleg vakthald og sett i verk forsvarlege tryggingstiltak.

4.3 Ambulerande skjenkeløyve

Kommunen kan gje ambulerande løyve for skjenking til slutta lag.



I nokre tilfelle er det krav om skjenkeløyve sjølv om skjenkinga vert gjort utan å krevje betaling, jf. alkohollova § 8-9.



4.3.1 Kva er eit slutta lag

Med slutta lag meiner ein at det allereie før arrangementet tek til er danna eit slutta/privat krins av personar som samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale.

Døme på slutta lag er bryllaup, åremål, jubileum, firmafestar og liknande, der det vert omsett alkohol. Arrangement som vert haldne av lag og foreiningar er ikkje å rekne som slutta lag. Arrangementet skal ikkje vere ope for andre.

Ved leige av lokale er det ikkje utleigar som skal søkje, men den som held det slutta laget.

For meir informasjon om [ambulerande skjenkeløyve og kva som skal reknast som slutta lag, sjå helsedirektoratet sine heimesider.](#)

4.3.2 Omfang og skjenketid

- Kommunen set eit tak på 5 ambulerande løyve på same dag.
- Eit slikt løyve kan omfatte alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3.
- Skjenketider for ambulerande løyve vert som for alminneleg løyve, jf. punkt 4.1.2

4.4 Saksbehandling skjenkeløyve

Kommunen er ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken, etter den alkohollovgjevinga som til ei kvar tid gjeld. Skjenking av alkoholhaldig drikk kan berre skje på grunnlag av kommunal løyve, jf. alkohollova § 1-4a.

4.4.1 Søkjar

Søkjar er den som har det økonomiske ansvaret for drifta. Dette kan vere:

- aksjeselskap, ansvarleg selskap, selskap med delt ansvar og stiftingar
- enkeltmannsføretak
- dotterselskap til eit konsern

4.4.2 Dokumentasjon

Ved søknad om alminneleg skjenkeløyve skal dette leggast ved søknaden:

- Dokumentasjon på eigarforhold.
- Dokumentasjon på at styrrar og vara for styrrar har bestått kunnskapsprøva i alkohollova jf. alkohollova §1-7c
- Dokumentasjon for at styrrar og vara for styrrar er tilsett i bedrifta
- Skisse over skjenkeareal inne og ute. Skjenkearealet skal vere skravert eller fargelagt.
- Kopi av overdragingsavtale ved eigarskifte

- Stadfesting på at søkar oppfyller krava i «Forskrift om delvis allmenngjøring av tariffavtale for overnattings-, serverings- og cateringvirksomheter» og at søkjar kan dokumentere dette ved kontroll.
- [Internkontrollrutinar](#)

Søknadar vert ikkje handsama før all vesentleg dokumentasjon er levert inn. Kommunen kan i enkelte høve be om meir dokumentasjon.

Om krava i «Forskrift om delvis allmenngjøring av tariffavtale for overnattings-, serverings- og cateringvirksomheter» ikkje blir stetta kan Arbeidstilsynet informerast om dette. Avvik vil også være med i vurderinga om skjenkestaden oppfyller kravet i alkoholova §1-7.

For meir informasjon om internkontrollrutinar, sjå helsedirektoratet sine heimesider:

<https://www.helsedirektoratet.no/tema/alkohol/guide-til-god-internkontroll-etter-alkoholoven>

4.4.3 Uttale

Ved alminneleg skjenkeløyve skal kommunen hente inn uttale før søknaden vert handsama. Kommunen pliktar å hente inn uttale frå politi og sosialtenesta. Kommunen kan og innhente uttale frå til dømes skatte- og avgiftsmynde, mattilsynet, og andre aktuelle offentlege mynde.

Når det hentast inn uttale om vandel kan det ikkje takast omsyn til høve som er eldre enn 10 år.

Når det vert søkt om skjenking på utandørs areal, skal det innhentast uttale frå sektor for samfunnsutvikling. Dei gjev uttale om til dømes regulering, avstand til trafikkareal, plassering og utforming av skjerming/gjerde og eigartilhøve.

4.4.3.1 Skatte – og avgiftsmynde

Skatteetaten gir uttale om kor vidt løyvehavar stettar:

- likningslova sitt krav om innlevering av sjølvmelding
- meirverdiavgiftslova sitt krav om innsending av oppgåve over omsetting
- plikt til å betale meirverdiavgift
- krav til registrering av firmaet i meirverdiregisteret
- skattebetalingslova sitt krav om arbeidsgjevar sitt forskotstrekk
- regnskapslova sitt krav om at det vert ført rekneskap og at det utarbeidast årsoppgjer o.l.

Vidare vil vi få informasjon om løyvehavar har vore involverte i konkursar og liknande.

4.4.3.2 Politiet

Politiet sin uttale peikar på tilhøve kring tryggleik, trafikale omsyn, omsyn til offentlig ro og orden og om det er andre tilhøve ved skjenkestaden, lokalisering og verksemda som tilseier at dei ikkje tilrår å gje skjenkeløyve.

Politiet skal i samsvar med lovverket gje uttale om søkjar og ansvarlege juridiske personar sin vandel dei siste 10 åra.



4.4.3.3 Sosialtenesta

Sosialtenesta (i Hareid ved folkehelsekoordinator og kommuneoverlege) uttaler seg ut ifrå sosiale og helsemessige forhold.

5 OM SALSLØYVE

Sal av alkoholhaldig drikk skal berre skje på bakgrunn av kommunalt løyve, jf. alkoholova § 3-1.

5.1 Salsløyve

5.1.1 Varegruppe 1

Alkohol i gruppe 1 kan som hovudregel berre seljast av:

- daglegvarebutikkar
- spesialbutikkar for mat og alkohol
- utsal frå stad med tilverknadsløyve, som til dømes gardssal
- nettbutikkar med verksemdsadresse i kommunen
 - Utlevering av alkohol må finne stad innanfor fastsette tider for sal i kommunen, uavhengig av tidspunkt for bestilling eller betaling

Det er ikkje høve til å opprette monopol for sal av varegruppe 1.

Det vert ikkje gitt salsløyve til:

- bensinstasjonar, kioskar
- ubetente butikkar
- som hovudregel i lokale der det er gitt skjenkeløyve
- nettbutikkar med verksemdsadresse utanfor kommunen

Salsløyve ved einskildhøve kan få løyve til å selje alkohol gruppe 1 andre stadar, til dømes eit avgrensa areal på eit messeområde.

Det er ikkje mogleg for aktørar som har si verksemd utanfor Hareid kommune å søkje om salsløyve for netthandel i Hareid kommune. Dette ut frå lokale næringshensyn, for å unngå auka tilgjengelegheit og for å kunne ivareta forsvarleg kontroll av alkoholomsetnaden.

5.1.2 Varegruppe 2 og 3

Sal av alkoholholdig drikk varegruppe 2 og 3 skal skje frå Vinmonopolet AS sine salsstadar.

5.1.3 Salstider

For salsstadar med løyve i varegruppe 1 gjeld desse salstidene:

Kvardagar	kl. 09.00 - kl. 20.00
Laurdag og dagar før heilagdag	kl. 09.00 - kl. 18.00
Dagen før Kristi Himmelfartsdag	kl. 09.00 – kl. 20.00

Vara skal vere betalt innan salstida sin slutt.

Utlevering av alkohol må finne stad innanfor fastsette tider for sal i kommunen.

5.1.4 Vilkår salsløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyva i tillegg til dei krav lovverket krev. Desse kan vere

- Salsstadane skal delta på «Ansvarleg sal» ved første moglege kurs så lenge kommunen tilbyr det. Dette gjeld minimum styrar og vara for styrar. Ved skifte av styrar og vara for styrar gjeld same vilkåra.
- Rutinar for internkontroll skal leverast til kommunen seinast 1 måned etter at vedtak er gjort.
- Rutiner for kontroll av alkoholsal i ubetente kasser ikkje skjer til openbert rusa personar eller personar under 18 år.
- Sal/utlevering av alkohol i ubetente butikkar kan berre skje dersom det er personale til stades.

5.1.5 Salsløyve ved einskildhøve

Salsløyve ved einskildhøve kan gis til arrangement som varer frå 1-6 dagar, på same vilkår som gjeld for alminnelege salsløyve

5.2 Saksbehandling salsløyve

5.2.1 Søkjar

Søkjar er den som har det økonomiske ansvaret for drifta og dette kan vere:

- Eit aksjeselskap, ansvarleg selskap, selskap med delt ansvar og stiftingar
- Enkeltmannsføretak
- Dotterselskap til eit konsern.

5.2.2 Løyveperiode

Løyveperioden er inntil 4 år og skal vare til 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Vedtak vert gjort etter reglane i alkohollova med forskrift, forvaltningslova, alkoholpolitisk handlingsplan og delegasjonsreglementet i kommunen.

5.2.3 Dokumentasjon

Ved søknad om alminneleg salsløyve skal dette leggest ved søknaden:

- Dokumentasjon på eigarforhold.
- Dokumentasjon på at styrar og vara for styrar har bestått kunnskapsprøva i alkohollova jf. alkohollova §1-7c
- Dokumentasjon for at styrar og vara for styrar er tilsett i bedrifta
- Skisse over lokalet der sal skal skje med plassering av alkoholhaldige varer markert i skissa



- Kopi av overdragingsavtale ved eigarskifte
- Rutinar for internkontroll

Søknadar vet ikkje handsama før all vesentleg dokumentasjon er levert inn. Kommunen kan i enkelte høve be om meir dokumentasjon.

5.2.4 Uttale

Ved alminneleg salsløyve skal kommunen hente inn uttale før søknaden vert handsama. Kommunen pliktar å hente inn uttale frå politi og sosialtenesta. Kommunen kan også hente inn uttalar frå til dømes skatte- og avgiftsmynde, mattilsynet og andre aktuelle offentlege mynde.

Når vi hentar inn uttale om vandel kan det ikkje takast omsyn til høve som er eldre enn 10 år.

5.2.4.1 Skatte- og avgiftsmynde

Skatteetaten gir uttale om kor vidt løyvehavar til dømes stettar:

- Likningslova sitt krav om innlevering av sjølvmelding
- Meirverdiavgiftslova sitt krav om innsending av oppgåve over omsetting
- Plikt til å betale meirverdiavgift
- Krav til registrering av meirverdiavgift firmaet i meirverdiavgiftsregisteret
- Skattebetalingslova sitt krav om arbeidsgivars forskotstrekk
- Rekneskapslova sitt krav om at det vert ført rekneskap og at det og at det blir utabeida årsoppgjør o.l.

5.2.4.2 Politiet

Politiet sin uttale peikar på tilhøve kring tryggleik, trafikale omsyn, omsyn til offentleg ro og orden og om det er andre tilhøve ved salsstaden, lokalisering og verksemda, som tilsei at ein ikkje tilrår å gje salsløyve.

Politiet skal i samsvar med lovverket gje uttale om søkjar og ansvarlege juridiske personar sin vandel dei siste 10 åra.

5.2.4.3 Sosialtenesta

Sosialtenesta (i Hareid ved folkehelsekoordinator og kommuneoverlege) uttaler seg ut ifrå sosiale og helsemessige forhold.

6 KONTROLL MED SALS- OG SKJENKESTADAR

[Alkoholforskrifta kap. 9](#) inneheld føresegner om kontroll med sals- og skjenkeløyve. Kommunen skal kontrollere alle sals- og skjenkestadar for å sikre at det ikkje skjer brot på regelverket, eller vilkåra i løyvet. Den kommunale kontrollplikta omfattar ikkje A/S Vinmonopolet sine utsal eller løyve til engrossal.

Det følgjer av alkoholforskrifta at kontrollen skal gjerast med minimum to kontrollørar, og kan skje opent eller anonymt. Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketidene, føresegnene om aldersgrenser, og at det ikkje vert selt, eller skjenka alkohol til personar som er openbert påverka av rusmiddel. Kommunen skal elles sikre at kontrollen til ei kvar tid er tilpassa lokale forhold.

Det følgjer av alkoholforskrifta § 9-7 at kommunen skal gjennomføre minimum tre gongar så mange kontrollar per år som det er løyve, og kvar stad skal kontrollerast minimum ein gong per år. Kontrollane med ambulerande løyve og løyve for enkeltarrangement kjem i tillegg til den ordinære skjenkekontrollen.

Saksansvarleg for sals- og skjenkeløyve i kommunen skal gjennomføre årlege planleggingsmøte med skjenkekontrollen.

7 REAKSJONAR PÅ BROT PÅ ALKOHOLLOVA

Kommunen pliktar å reagere dersom skjenkekontrollen, eller andre mynde avdekkjer at løyvehavar ikkje har oppfylt sine plikter etter alkohollova, forskrifter, eller plikter som følger av sjølve løyvevedtaket.

7.1 Prikktildeling og inndraging av sals- og skjenkeløyve

Alkoholforskrifta har reglar om standardiserte reaksjonar i form av prikktildeling ved brot på regelverket, eller på vilkåra i løyvet, sjå kap.10 i forskrifta.

Sanksjonar som prikktildeling, eller inndraging av sals- og skjenkeløyve kan skje på grunnlag av ein skjenkekontroll gjennomført i medhald av kapittel 9 i alkoholforskrifta, eller ein formell rapport frå andre mynde.

Dess alvorlegare brotet er, dess fleire prikkar pliktar vi å gje. Likearta brot skal vurderast som eit enkeltbrot, men fleire likearta brot under ein kontroll kan indikere at det ligg føre skjerpande omstende som gjev grunnlag for fleire prikkar.

Kva type lovbrota som gjev prikkar, og kor mange prikkar brotet kvalifiserer til går fram av alkoholforskrifta § 10-3. Det er utarbeidd ei enkel oversikt i vedlegg (siste side i dokumentet). Paragraf § 10-4 opnar for at vi kan gje færre, eller fleire prikkar. Det skal meir til for å gje færre prikkar enn for å gje fleire prikkar.

Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år har fått totalt 12 prikkar, skal kommunen drage inn løyvet for eit tidsrom på ei veke. Vert det i perioden gjeve fleire enn 12 prikkar, skal vi auke lengda på inndraginga tilsvarande.

Når vi bereknar toårsperioden, skal tidspunkta for brota leggast til grunn. Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden, jf. alkohollova § 1-6. Ved



overdraging av verksemda, byrjar ny periode på tidspunktet for overdraginga, jf. alkoholloven § 1-10 første ledd.

Inndraging av eit løyve kan også skje når vilkåra for å ha løyve ikkje lenger er tilstade, som til dømes at kravet til uklanderleg vandel i alkohollova § 1-7b ikkje er oppfylt.

7.2 Saksbehandlingsreglar ved brot på regelverk

Det følgjer av § 9-6 i forskrifta at skriftlege rapportar frå skjenkekontrollen skal sendast til sals-, eller skjenkestaden seinast innan ei veke, med ein frist på 2 veker for eventuelle merknadar. Dersom det er registrert negative avvik, kan rapporten med eventuell tilleggsrapport sendast ut saman med førehandsvarsel om vedtak. Sjå meir om førehandsvarsel under.

Vedtak om inndraging og tildeling av prikkar skal reknast som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Det inneber at det gjeld særskilde saksbehandlingsreglar, sjå forskrifta §§ 10-5 og 10-6 og forvaltningslova.

Før eit eventuelt vedtak om inndraging eller prikktildeling vert gjort, pliktar vi å gje førehandsvarsel om at kommunen vurderer eit slikt vedtak og ei grunngjevinga for dette jf. forvaltningslova § 16. Løyvehavar skal også få ein rimeleg frist til å uttale seg om saka.

8 SALS- OG SKJENKEGEBYR

Sals- og skjenkegebyra i kommunen følgjer til ein kvar tid satsar satt i forskrift til alkohollova.

Sakshandsamingsgebyr ved søknad om skjenkeløyve til einskildhøve:
Løyve for 1 dag kr. 1200,-. Pr. påfølgande dagar kr. 500,- pr. dag.

Sakshandsamingsgebyr ved søknad om salsløyve til einskildhøve:
Løyve for 1 dag kr. 400,-. Pr. påfølgande dagar kr. 150,- pr. dag.

Ved tidsavgrensa løyve (sesongløyve for delar av året) kan gebyr settast lågare.

Vedlegg 1: Reaksjonar ved brot på alkohollova

Prikkar	Regelbrot (punkta er frå alkoholforskriften)
8	<ul style="list-style-type: none"> ➤ salg, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år, jf. alkoholloven § 1-5 annet ledd ➤ brudd på bistandsplikten, jf. § 4-1 annet ledd i denne forskriften ➤ brudd på kravet om forsvarlig drift, jf. alkoholloven § 3-9 og § 4-7 ➤ hindring av kommunal kontroll, jf. alkoholloven § 1-9.
4	<ul style="list-style-type: none"> ➤ salg og utlevering til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 3-1 i denne forskriften, skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 4-2 første ledd i denne forskriften ➤ brudd på salgs-, utleverings- og skjenketidsbestemmelsene, jf. alkoholloven § 3-4a, § 3-7 og § 4-4 ➤ skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf. alkoholloven § 1-5 første ledd ➤ brudd på alderskravet til den som selger, utleverer eller skjenker alkoholholdig drikk, jf. alkoholloven § 1-5 tredje ledd.
2	<ul style="list-style-type: none"> ➤ det gis adgang til lokalet til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller bevillingshaver sørger ikke for at person som er åpenbart påvirket av rusmidler forlater stedet, jf. § 4-1 i denne forskriften ➤ mangler ved bevillingshavers internkontroll, jf. alkoholloven § 1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i denne forskriften ➤ manglende levering av omsetningsoppgave innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften ➤ manglende betaling av bevillingsgebyr innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften ➤ brudd på krav om styrer og stedfortreder, jf. alkoholloven § 1-7c ➤ gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestedet, jf. alkoholloven § 1-8 annet ledd ➤ gjentatt diskriminering, jf. alkoholloven § 1-8 annet ledd.



1	<ul style="list-style-type: none">➤ brudd på kravet om alkoholfrie alternativer, jf. § 4-6 i denne forskriften➤ brudd på regler om skjenkemengde, jf. § 4-5 i denne forskriften➤ konsum av medbrakt alkoholholdig drikk, jf. § 4-4 i denne forskriften➤ gjester medtar alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i denne forskriften➤ brudd på krav om plassering av alkoholholdig drikk på salgssted, jf. § 3-3 i denne forskriften➤ brudd på vilkår i bevillingsvedtaket, jf. alkoholloven § 3-2 og § 4-3➤ brudd på reklameforbudet, jf. alkoholloven § 9-2, jf. kapittel 14 i denne forskriften➤ andre overtredelser som omfattes av alkoholloven § 1-8 første ledd, jf. blant annet alkoholloven § 3-1 femte ledd, § 4-1 annet ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.
----------	---